

## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
138/15	Plan- og miljøutvalet	PS	23.09.2015
081/15	Kommunestyret	PS	24.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Trude Langedal	14/1927

### 2.gongs handsaming av Detaljregulering Kjevikdalen fyllplass, utviding, PlanID 1263 - 201306

#### Vedlegg:

Fråsegn til høring av reguleringsplan, Kjevikdalen fyllplass - Lindås kommune, planID 1263201306  
 Uttale - detaljregulering Kjevikdalen fyllplass - utviding  
 Brev LK reguleringsplan 2015  
 Lindås kommune Hordaland - 1. gongs høring og offentleg ettersyn av Kjevikdalen fyllplass utviding  
 Uttale - Offentleg ettersyn - Gbnr 176/25 mfl - Gbnr 177/36 mfl - Kjevikdalen fyllplass  
 Høring og off ettersyn av reguleringsplan for Kjevikdalen fyllplass- plan id 1263-201306 gbnr 177/36 og 176/25 m.fl  
 Uttale til 1. gongs høring og offentleg ettersyn av Kjevikdalen fyllplass, utviding - gbnr 176/25 og gbnr 177/36  
 mfl  
 Føresegner\_Kjevikdalen Plankart\_Kjevikdalen\_09.06.15  
 Planskildring\_Kjevikdalen

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan – og miljøutvalget gjer følgjande innstilling til Kommunestyret:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner Kommunestyret detaljregulering for Kjevikdalen fyllplass, utviding, PlanID 1263-201306, på følgjande vilkår:

1. Ny føresegn 1.6 «Universell utforming. Prinsipp for universell utforming skal leggas til grunn for planlegging, prosjektering og gjennomføring av alle nye tiltak. Det skal leggjast særskilt vekt på at publikumsdelen av anlegget skal være tilgjengelig for ulike grupper med funksjonsnedsetjingar. Ved søknad om tiltak skal det dokumenteras korleis universell utforming vert løyst. Det kan gjerast unntak for kravet om universell utforming der terrengforhold eller eksisterande veg/anlegg ikkje gjer det mogeleg med ei hensiktsmessig gjennomføring.»
2. Det skal etablerast dråpeøy i tilkomstvegen f\_SV1 til planområdet, dette skal visast i plankartet.
3. Føresegner revidert 09.06.2015 og plankart revidert 09.06.2015 vert lagt til grunn
4. Før reguleringsplanen vert kunngjort godkjent, skal feilfritt plankart liggje føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.....

## **Plan- og miljøutvalet - 138/15**

### **PM - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **PM - vedtak:**

#### **Innstilling i plan- og miljøutvalet - 23.09.2015:**

Plan – og miljøutvalget gjer følgjande innstilling til Kommunestyret:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner Kommunestyret detaljregulering for Kjevikdalen fyllplass, utviding, PlanID 1263-201306, på følgjande vikår:

1. Ny føresegn 1.6 «Universell utforming. Prinsipp for universell utforming skal leggas til grunn for planlegging, prosjektering og gjennomføring av alle nye tiltak. Det skal leggjast særskilt vekt på at publikumsdelen av anlegget skal være tilgjengelig for ulike grupper med funksjonsnedsetjingar. Ved søknad om tiltak skal det dokumenteras korleis universell utforming vert løyst. Det kan gjerast unntak for kravet om universell utforming der terrengforhold eller eksisterande veg/anlegg ikkje gjer det mogeleg med ei hensiktsmessig gjennomføring.»
2. Det skal etablerast dråpeøy i tilkomstvegen f\_SV1 til planområdet, dette skal visast i plankartet.
3. Føresegner revidert 09.06.2015 og plankart revidert 09.06.2015 vert lagt til grunn
4. Før reguleringsplanen vert kunngjort godkjent, skal feilfritt plankart liggje føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.....

## **Kommunestyret - 081/15**

### **KO - behandling:**

Innstillinga frå plan- og miljøutvalet vart samrøystes vedteke.

### **KO - vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner Kommunestyret detaljregulering for Kjevikdalen fyllplass, utviding, PlanID 1263-201306, på følgjande vikår:

1. Ny føresegn 1.6 «Universell utforming. Prinsipp for universell utforming skal leggas til grunn for planlegging, prosjektering og gjennomføring av alle nye tiltak. Det skal leggjast særskilt vekt på at publikumsdelen av anlegget skal være tilgjengelig for ulike grupper med funksjonsnedsetjingar. Ved søknad om tiltak skal det dokumenteras korleis universell utforming vert løyst. Det kan gjerast unntak for kravet om universell utforming der terrengforhold eller eksisterande veg/anlegg ikkje gjer det mogeleg med ei hensiktsmessig gjennomføring.»

2. Det skal etablerast dråpeøy i tilkomstvegen f\_SV1 til planområdet, dette skal visast i plankartet.
3. Føresegner revidert 09.06.2015 og plankart revidert 09.06.2015 vert lagt til grunn
4. Før reguleringsplanen vert kunngjort godkjent, skal feilfritt plankart liggje føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.

### **Saksopplysningar: Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

### **Bakgrunn**

Reguleringsplan for Kjevikdalen fyllplass, utviding, har vore ute til offentlig høyring i perioden 01.07.2015 til 26.08.2015, høyrings perioden vart forlenga frå 6 til 8 veker på grunn av sommarferien. Det kom inn 7 merknadar til framlegget, 6 offentlege og ein privat.

I tillegg har saka vore til vurdering i råd og utval i Lindås kommune. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har kome med uttale til saka.

Merknadane og uttaler vert gjennomgått etter saksframlegget frå 1. gangs handsaming, med administrasjonen si vurdering til kvar merknad.

### **Saksframlegg frå 1. gangshandsaming er vist under i 10 pkt kursiv**

*1. gongs handsaming, Kjevikdalen fyllplass, utviding, gbnr 176/25, 177/36 mfl.*

*Vedlegg:*

*Plankart\_Kjevikdalen fyllplass, utvidingIllustrasjon reinseanlegg\_02\_Kjevikdalen fyllplass, utvidingIllustrasjon reinseanlegg\_01\_Kjevikdalen fyllplass, utvidingSnitt\_Kjevikdalen fyllplass, utvidingFøresegner\_Kjevikdalen fyllplass, utvidingPlanskildring\_Kjevikdalen fyllplass, utviding*

*Rådmannen sitt framlegg til vedtak*

*I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Kjevikdalen fyllplass, utviding, gbnr 176/25, 177/36 m.fl. ut til offentlig ettersyn, på følgjande vilkår:*

*Før planen vert lagt ut til offentlig ettersyn må følgjande endringar være gjort:*

- 1. Nytt rekkeføljekrav § 2.2 Vegetasjonsskjerm og gjerde skal være etablert før nytt deponiareal kan nyttast.*
- 2. Tillegg til føresegn § 3.4.2 .....og skal ikkje overstige maks kote + 55*
- 3. Teiknforklaring plankart; ta ut Illustrasjon planlagte bygg, det er ikkje vist på plankart*



4. Teiknforklaring plankart; endre Bygg som er med i planen til Eksisterande bygg
5. Plankart innanfor felt BN1, gjenbruksstasjonen skal merkast av som Eksisterande bygg
6. Tilkomstpil til BN3 bør takast ut av plankartet(den er heller ikkje med i teiknforklaringa)
7. Mindre feil og manglar i arealplankartet skal vere retta opp, og det skal ligge føre i SOSI-kvalitet godkjent av Lindås kommune.
8. Planskildringa skal justerast i høve vedtaket, mindre feil og manglar skal rettast opp og skal godkjennast av Lindås kommune.

.....  
Plan- og miljøutvalet - 099/15

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Kjevikdalen fyllplass, utviding, gbnr 176/25, 177/36 m.fl. ut til offentleg ettersyn, på følgjande vilkår:

Før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn må følgjande endringar være gjort:

1. Nytt rekkeføljekrav § 2.2 Vegetasjonsskjerm og gjerde skal være etablert før nytt deponiareal kan nyttast.
2. Tillegg til føresegn § 3.4.2 .....og skal ikkje overstige maks kote + 55
3. Teiknforklaring plankart; ta ut illustrasjon planlagte bygg, det er ikkje vist på plankart
4. Teiknforklaring plankart; endre Bygg som er med i planen til Eksisterande bygg
5. Plankart innanfor felt BN1, gjenbruksstasjonen skal merkast av som Eksisterande bygg
6. Tilkomstpil til BN3 bør takast ut av plankartet(den er heller ikkje med i teiknforklaringa)
7. Mindre feil og manglar i arealplankartet skal vere retta opp, og det skal ligge føre i SOSI-kvalitet godkjent av Lindås kommune.
8. Planskildringa skal justerast i høve vedtaket, mindre feil og manglar skal rettast opp og skal godkjennast av Lindås kommune.

.....  
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 022/15

RMNF - behandling:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at ein må sikre at det er universllt utforma. Alle skal kunne nytte seg av tenestene Kjevikdalen gjev, uansett funksjonsnivå. Fe.eks. syn, hørsel, bevegelse. orientering og sanser. Dette gjeld også i byggefasen.

Samrøystes vedteke.

RMNF - vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at ein må sikre at det er universllt utforma. Alle skal kunne nytte seg av tenestene Kjevikdalen gjev, uansett funksjonsnivå. Fe.eks. syn, hørsel, bevegelse. orientering og sanser. Dette gjeld også i byggefasen.

Eldrerådet - 029/15

ER - behandling:

Eldrerådet har ingen merknader til planen.

Samrøystes vedteke.

ER - vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til planen.

Levekårsutvalet - 056/15

LE - behandling:

Ingen merknader.

Samrøystes.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 01,09.2015:

Ingen merkander.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

### *Bakgrunn*

*Føretaket Ard arealplan as har på vegne av NGIR utarbeidd planframlegg for utviding av Kjevikdalen fyllplass. Området er regulert gjennom reguleringsplan Kjevikdalen, fyllplass frå 1997(planid: 1263199701) der området ligg inne som Spesialområde - fyllplass.*

*Planframlegget vil erstatta gjeldande plan.*

*Bakgrunn for planarbeidet er å utvide området i forhold til gjeldane plan for å få lagt inn naudsynt areal for reinseanlegg, få meir fyllplass og gjere om på struktur innanfor planområdet.*

*Det er òg lagt inn ein 10 m brei vegetasjonsskjerm langs deponiområdet BAS som ikkje ligg inne i gjeldande reguleringsplan.*

*Området er sett av til føremåla massedeponi, renovasjonsanlegg, næring avgrensa til avfallsrelaterte føremål og administrasjon knytt til NGIR si drift, i tillegg er det satt av areal til parkeringsplass, veg, vegetasjonsskjerm og LNFR.*

### *Utviding av planområdet*

*Planområdet er totalt på 194,6 daa og vert utvida med 33,4 daa i forhold til gjeldande plan. I høve til kommuneplanen er området utvida med 28,8 daa. Av dette er 12,4 daa sett av til vegetasjonsbelte langs deponiarealet og 11,3 daa sett av til LNFR.*

### *Byggeområda*

*Grad av utnytting på byggeområda er på mellom BYA = 25-40%, byggehøgder innanfor BAD er på maks 10 m med maks kotehøgde + 40 moh. I felta BN1-BN4 er maks byggehøgde sett til 18 m med maks kotehøgder + 40-50 moh.*

*Felta BN1, BN4 og BAD er bygd ut med nærings-/ industribygg, administrasjonsbygg og sorteringsanlegg mm. Den einaste utvidinga av eksisterande bygg som ein har planar om er ei eventuell utviding av administrasjonsbygget. Ein del av verksemda som i dag ligg inne i fyllområdet BAS skal flyttast til næringsområdet i sør for å frigjere meir plass til massedeponi.*

### *Reinseanlegg*

*Det skal ikkje tilførast nye aktivitetar innanfor planområdet. Tomt for reinseanlegg ligg inne i gjeldande plan, denne vert utvida mot nord i planframlegget. Ny tilkomst til reinseanlegget/ Kjevika vert lagt i skråninga på nordsida av tomta, dagens tilkomst til området er frå sørvest. Dette medfører større terrenginngrep, men gjev òg meir areal til massedeponiet.*

*Reinseanlegg er vert prosjektert parallelt med reguleringsplanarbeidet og det er knytt rekkefølgekrev til at reinseanlegget skal være opparbeidd før nytt deponiareal kan nyttast.*

### *Topografi/ terrenginngrep*

*Avfallsanlegget i Kjevikdalen ligg i eit dalføre i retning nordvest til søraust. Høgdedraga skjermar sjølv fyllplassen som er lite synleg frå Fv 57 og tilgrensande område, ferdig nivå for fyllplassen skal ikkje overstige høgdedraga. Dette går fram av snittet som er lagt ved saka. Reinseanlegget med ny tilkomstveg ligg innerst i Kjevika og vil være synleg frå sjøsida. Det vert relativt høge skjeringar på begge sider av vika, nordre del av deponiet vert plastra med stein og tilsådd i samband med bygging av reinseanlegg.*

### *Parkering*

*Eksisterande parkeringsplass for NGIR sitt anlegg vert utvida i planframlegget grunna auka behov for parkeringsplassar.*

### *Planstatus*

*Planområdet er i gjeldane kommuneplan sin arealdel 2011-2023 avsett til andre typar bygningar og anlegg der reguleringsplanen skal framleis skal gjelde. Største delen av utvidinga av planområdet ligg inne som LNFR i kommuneplanen.*

*Området er regulert gjennom reguleringsplan Kjevikdalen, fyllplass frå 1997 (planid: 1263199701). Reguleringa som omfattar området er spesialområde – fyllplass.*

### *KU konsekvensutgreiing*

*Endringa som blir gjort i planforslaget i forhold til gjeldane plan er av så lite omfang at det ikkje vil gje vesentleg konsekvens for miljø og samfunn, jf. forskrift om konsekvensutgreiing, og krev såleis ikkje konsekvensutgreiing. Dette vart avklara i oppstartsmøte for planarbeidet.*



## Vurdering

### Topografi og landskapstrekk

Avfallsanlegget i Kjevikdalen ligg innafor eit dalføre som gjev ei naturleg skjerming av verksemda. Utvidinga av fyllplassen som vert føreslege i planframlegget ligg også innafor dalføret og vil ikkje være særleg synleg frå tilgrensande område. Dei største terrenginngrepa i planframlegget vert nord i området i samband med bygging av reinseanlegg, ny veg til reinseanlegget og avslutning av deponiet som skal plastrast med stein. Tiltaket vil være synleg frå sjøsida, men det ligg innerst i ei lang trong vik med lite ferdsel. Områda rundt planområdet er stort sett skogkledde åsar og ligg inne som LNFR i kommuneplanen. Vegetasjonen er hovudsakleg barskog. Administrasjonen meiner at sikring av deponiarealet med gjerde og etablering av vegetasjonsskjerm må inn i føresegnene som rekkjeføljekrav. Sjølv om det her er snakk om eksisterande vegetasjon, er det viktig å sikre ny etablering av vegetasjonen dersom verksemda medfører inngrep på denne. Maksimalt nivå på deponiet slik det er vist på snittet som er vedlagt, bør òg innarbeidast i føresegnene.

### Næring

I næringsområda er det foreslått ei moderat utnytting av tomtene med verksemder som er knytt til drift av avfallsplassen. Byggehøgdedene som ligg inne i planframlegget på mellom 10-18 m er i samsvar med byggehøgdedene på eksisterande bygg i anlegget.

### ROS

Det er utarbeidd tilfredsstillande ROS-analyse for planområdet. Ut i frå ROS-analysen ser ein at det er knytt noko fare til høgspenlinene som går gjennom området. Høgspenlinene vil bli sikra med omsynssoner. Det er også knytt noko risiko til moglegheit for avrenning/forureining frå renovasjonsanlegget. Dette vert ivareteke ved realisering av reinseanlegg heilt nord i planområdet.

### Vurdering av miljøkonsekvensar

Miljøkonsekvensar er vurdert i planomtalen og viser at det ikkje er viktige naturverdiar eller artar som vert råka av planframlegget. Det er registrert 2 raudlisteartar i området, jaktfalk og stær, samt at hønsehauk er registret like utanfor området i aust. Administrasjonen meiner at sidan registreringane ligg i den delen av planområdet der NGIR har drift i dag og det er ikkje gjort registreringar innanfor areala som er omfatta av planutvidinga, vil ikkje planframlegget få konsekvensar for raudlisteartene.

Det er registrert at grunnen på området er forureina. I nord omfattar planområdet noko sjøareal. Det er her gjort registreringar av mellom anna tungmetallar, grunna avsig frå avfallsanlegget. Dette vert ivareteke ved bygging av reinseanlegget.

Planframlegget vil føre til terrenginngrep i samband med bygging av reinseanlegg, tilkomstveg og avslutning av deponiet. Sjølv om det her er snakk om til dels store inngrep vil dei ikkje være særleg synleg frå sjøsida innerst i ein trong langstrakt vik. Det er likevel viktig å sikre at terrenginngrepa ikkje vert for dominerande.

Det er ikkje avdekkja andre forhold som vil føre til spesielle negative verknader for miljøet.

### Oppsummering

Administrasjonen meiner at planframlegget er i samsvar med overordna arealbruk i kommuneplanen. Utvidinga av planområdet ligg i område avsett til LNFR i kommuneplanen, men noko av dette arealet vert regulert som LNFR og vegetasjonsskjerm for fyllingsplassen, slik at arealbruken ikkje vert endra. Dersom ein trekker frå areala som er sett av til LNFR og grøntstruktur vil netto utviding av fyllplass/ næringsområde være på omtrent 10 daa i planframlegget.

Planframlegget legg til rette for bygging av reinseanlegg og betre utnytting av og kapasitet på fyllområdet. Utvidinga av området skjer innanfor dalføre som gjev ei naturleg topografisk skjerming/ avgrensing av tiltaket. Området er i drift i dag og utvidinga vil ikkje medføre vesentleg endring i høve til fjernverknad av tiltaket. Omstruktureringa det er lagt opp til vil gje anlegget ein betre kapasitet og gje ei betre utnytting av arealet som er sett av til avfallsplass. Reinseanlegget er ein viktig funksjon å få på plass for å reinse sigevatn frå avfallsfyllinga. Administrasjonen er positiv til endringane det er lagt opp til i planframlegget. Tiltaka for å utnytte kapasiteten til fyllplassen på best mogeleg måte samstundes som ein heldt seg

*innanfor dei topografiske avgrensingane som området har, er eit godt grep. Hovudutfordringa er knytt til terrenginngrepa mot strandsona nord i planområdet. Avbøtande tiltak utover tilsåing av den plastra skråninga bør vurderast vidare.*

## **Gjennomgang av merknader og uttaler til 2. gangs handsaming i Plan- og miljøutvalet 23.09.2015**

Det kom inn 7 merknadar til framlegget, 6 offentlege og ein privat.

### 1. Bergen og omland havnevesen, 04.08.15

- Ingen merknadar

Administrasjonen si vurdering: vert teke til orientering

### 2. Fiskeridirektoratet, 17.08.15

- Føreset at det vert sett i gong avbøtande tiltak dersom det viser seg at tiltaket kan gjere skade for det marinbiologiske mangfaldet og fiskebruksområde.

Administrasjonen si vurdering: vert teke til følgje

### 3. Fylkesmannen, 12.08.15

- Ingen merknadar

Administrasjonen si vurdering: vert teke til orientering

### 4. Hordaland fylkeskommune, 04.08.15

- Ingen vesentlege merknadar

Administrasjonen si vurdering: vert teke til orientering

### Kystverket, 02.07.15

- Ingen merknadar

Administrasjonen si vurdering: vert teke til orientering

### 5. NVE, 06.08.15

- Ingen merknadar

Administrasjonen si vurdering: vert teke til orientering

### 6. Statens vegvesen, 02.07.15

- Ønskjer at det vert etablert ei dråpeøy i tilkomstvegen frå planområdet slik at det vert eit eintydig køyremønster i krysset med fylkesvegen.

Administrasjonen si vurdering: Merknaden vert teke til følgje.

Administrasjonen foreslår følgjande endringer i planframlegget:

- Det skal etablerast dråpeøy i tilkomstvegen f\_SV1 til planområdet, dette skal visast i plankartet.

### 7. Olav-Magne Kvamme, på vegne av gnr. og bnr. 177/1-7 og 176/1, 23.08.15



1. Påpeiker at det er uavklarte privatrettlege forhold som omhandlar arealet avsett til vegetasjonsskjerm. Meiner at heile dette området må regulerast til BAS, massedeponi, samt øvrige areal regulert til LNF.
  - *Olav-Magne Kvamme viser til "at der er et uavklart privat rettslig forhold som ikke er avklart". Reknar med han viser til at NGIR ikkje eig alt som no vert regulert. NGIR har tilbydd berørte grunneigarar å kjøpe områda som vert regulert til takst. Taksten er gjennomført av takstmann oppnemnd av grunneigarane og NGIR har akseptert taksten, men har føresett at reguleringsplanen vert godkjent før kjøp vert gjennomført. Dei områda som er sett som LNF er etter NGIR si vurdering ikkje eigna til massedeponi grunna topografiske forhold. NGIR meiner det då vil vere naturleg å behalde dagens regulering i området.*
1. Meiner reguleringsplanen må innehalde og vise tilførselsvegar til deira øvrige områder.
  - *Olav-Magne Kvamme skriv at "reguleringsplanen må inneholde og vise til alle tilførselsveier til våre øvrige områder er planlagt". Det er vist tilførselsveg (SV2) i plankartet. Plassering av denne er også vist i eksisterande reguleringsplan. Utanom dette har grunneigarane rett til tilkomst til sine eigedomar gjennom NGIR sitt anlegg etter følgjande avtale gjort i samband med kjøp av areal i 1997: "NGIR har gjerdeplikt i ny grense mellom anlegg og hovudbruk. Det skal vera opning i gjerdet med portar slik at grunneigarane får tilgang til drift av skogen". NGIR har bede grunneigarane om å tilkjennegje kvar dei ynskjer tilgong. Sitat frå brev frå NGIR til grunneigarar i 2010: "Då det er Dykk som grunneigarar som skal bruka slike portar som er best eigna til å uttala seg om plassering i forhold til tilkomst/skogsuttak etc., bør De foreslå plassering. NGIR ber difor om at De merkar av kvar De ynskjer opningar i gjerdet." NGIR har ikkje fått tilbakemelding på dette. Portar og evt. veg fram til desse er difor ikkje teikna inn i kartet, men NGIR vil laga opningar og tilkomst når grunneigarane ynskjer å ta ut skog.*
3. Uttaler at det er uklart korleis hovudport til anlegget vil påverke tilkomsten til deira eigedomar.
  - *Hovudport ut frå anlegget er i dag plassert slik at den kan koma i vegen for god tilkomst til skogsbilveg (SV2 i plankartet). Grunneigarane er kjent med at NGIR vil flytta denne porten i samband med evt. opparbeiding av SV2. Sitat frå brev frå NGIR til grunneigarar i 2010:  
  
"Dersom De byggjer skogsbilveg mot sør..., vil NGIR flytta port på vegen ut frå NGIR sitt anlegg mot RV57 slik at den ikkje kjem i konflikt med skogsbilvegen. Porten vert flytta i samband med ferdigstilling av ein evt. skogsbilveg. "  
  
Utanom dette er ikkje forhold kring hovudport annleis enn i eksisterande reguleringsplan. Denne reguleringsplanen vil ikkje auka årleg trafikk, då NGIR sine konsesjonar er uendra. Reguleringsplanen vil difor ikkje påverka trafikkforholda i forhold til RV57.*
4. Påpeiker at deira åtkomst til omsøkt småbåthamn og planlagde bygg for småindustri må visast og skildras i reguleringsplanen.
  - *Reguleringsplanen har ikkje teikna inn planar som ikkje er godkjende av kommunen.*

*Det er likevel teke omsyn til deira planar om å byggja veg langs Rydlandsvågen ved at NGIR har trekt inn reguleringsgrensa vest for BN4 eit stykke innanfor NGIR*



*sin eigedom, slik at grunneigarane har høve til å kunna byggja veg til småbåthamn utan stor fylling i kløft i området.*

5. Meiner at den viste løysninga med det planlagde utvendige sedimenteringsbassenget er særskjemmande for deira planlagde småbåthamn samt potensielle kulturminne og gamle fangstgardar. Foreslår derfor at sedimenteringsbasseng leggst inn i fjell anten aust eller vest. Vidare at mogleg gamal fangstgard og kulturminne avklarast betre av tiltakshavar, om denne er bevaringsverdig. Viser til bilete, figur 14, der dei hevdar ein kan sjå ein betydeleg grøn algevekst. Vert stilt spørsmål ved årsaken til dette og om den er kartlagd.
- *For størstedelen av småbåthamna vil ikkje noko av sedimenteringsbassenga vere synleg. Slik det går fram av kommuneplanen, vil det næraste området som er tenkt til småbåthamn koma over 150 meter frå sedimenteringsbassenga. Dei vil koma ca. 5 meter over havnivå og vert "plastra" i framkant" med stein, slik at sedimenteringsbassenga vil visa som ein betongmur på ca. 1 meter høgde og samla ca. 40 meter lengde. NGIR ser ikkje at dette vil verke særleg skjemmande på 150 meter avstand samanlikna med kor synleg ei småbåthamn vil verta i fjordsystemet.*
- NGIR kjenner ikkje til at andre avfallsanlegg har bygd sigevassreinsing inne i fjellhallar. Det er tenkt at plantar skal stå for ein del av reinseeffekten og dersom dette skal skje inne i fjellet må ein tilføra mykje energi. Når det gjeld kulturminne er dette ivareteke av Bergens sjøfartsmuseum, som har gjeve uttale. NGIR byggjer reinseanlegg for å redusera ureining til fjorbassenget. Algevekst det er vist til frå bileta er vanleg mosetype som veks naturleg på Vestlandet og det er p.t. ikkje synlege teikn til algevekst i vika.*
- Det er ein uavklart sak som omhandlar 2 omfattande - ikkje omsøkte borehol frå anlegget med utløp terskelvågen i Rydlandsvågen, som tilsynelatande ureinsa går til sjø. I denne forbindelse vil det oppstå både privatrettslege forhold og mulige miljømessige uavklarte forhold. Meiner at desse borehulla må inn på reguleringsplanen slik at ein får ein forsvarlig behandling om ein ikkje har tenkt å føre dette vatnet til reinseanlegget, og plugging av eksisterende hull på innløpsside, samt opprensing/klarering av utslipp til no.
  - *I Kjevikdalen kjem ein bekk oppstraums deponiet, med opphav frå austsida av RV57. Denne låg tidlegare i røyr under deponiet med ope utløp i Kjevika (på gnr 177/5). NGIR ynskte i 2006 å avleda dette vatnet slik at reint vatn frå oppsida av deponiet ikkje kunne verta skjemd av sigevatn gjennom sprekker i røyret. NGIR fekk våren 2006 løyve frå dåverande grunneigar av 177/5 til å laga 2 borehol og endra bekkeløpet slik at bekken ikkje lengre rann under deponiet, men fekk utløp i Rydlandsvågen på gnr. 177/5. Ein plugging av hola, slik det vert føreslege, vil føra til at bekken renn gjennomfyllinga og truleg tek med seg ureiningar ut i fjorden. Borehola vart laga for å unngå ureining av bekken og dermed fjorden. NGIR tek prøvar av denne bekken 4 gongar i året og kan ikkje sjå at den er påverka av sigevatn frå deponiet.*
  - Det bør vurderast om området reguleres heilt opptil RV 57, med topografisk avgrensing og vegetasjonsskjerm mot RV 57, inkludert tilførselsveier til deira eigedomar på austsida av Lurefjorden.
  - *NGIR har ikkje trong for å regulera dette området. Ein regulering av eit større område til andre føremål enn det NGIR har trong for, vil truleg forseinka planen, noko som gjer at det tek lengre til før reinseanlegg er på plass. NGIR ynskjer å byggja reinseanlegg så snart som råd i tråd med ynsket til Fylkesmannen.*

- Viser til at det er opplyst om førekomstar av tungmetallar i grunnvatn og sjøbotn i sakspapirar og planskildring. Hevdar dette er nytt for dei og at dette i detalj bør utredast samt vurderast om det er behov for pålegg om masseutskiftningar av gamal fylling.
  - *Fylkesmannen er NGIR sin tilsynsmynde når det gjeld ureining og NGIR følger dei råd og pålegg Fylkesmannen kjem med. NGIR har aldri hevda at deponiet ikkje ureinar fjordbassenget, men det skal byggjast reinseanlegg for å monaleg redusera ureininga som NGIR bidreg til. Det er ikkje søkt om å auke kotehøgda i forhold til tidlegare fyllingsplanar. For borehol vert det vist til pkt. 6.*
- Risiko og Sårbarhets analysen(ROS) pkt. 5 skal utførast i samband med bygging av reinseanlegg, dette er ufullstendig då det ikkje tek omsyn til borehol mot vest som har betydeleg kapasitet på potensielt avsig frå fylling, tilkomster og elver i området. Pkt. 33 og 37 i ROS underbygger tungmetall problematikken ytterlegare.
  - *Viser til pkt. 6. Borehol er laga for ein bekk som kjem oppstraums deponiet og er dermed eit tiltak for å hindra ureining, ikkje ei kjelde til ureining.*
- Ein kan ikkje sjå at ein har vurdert meire miljøvennleg logistikk av avfallet som skal uttransporterast frå anlegget. I den samanheng burde ein vurdere om det er område i nærleiken som kunne egne seg for sjøtransport av avfall ut frå anlegget og dermed redusert trafikkbelastning på RV 57. Nord og nordvest for anlegget er sær godt egna for dypvanns-utskipningskaier.
  - *Reguleringsplanen vert laga for å ta hand om avfall som vert lagt til deponi, ikkje i forhold til avfall som skal ut att av anlegget. For avfall som skal ut av anlegget vurderer NGIR stadig ulike transportalternativ. T.d. vert ein aukande del at avfallstransporten utført med tog. Noko vert også transport med båt.*

*Dersom det skal etablerast ein djupvasskai i området som føreslege, vil det medføra svært store naturinngrep i eit LNF-område. NGIR ynskjer ikkje å bidra til større naturinngrep enn det som er turvande for vår drift og kan ikkje sjå at den samla miljøbelastninga vert monaleg redusert ved å etablere ein ny djupvasskai når det allereie eksisterer kaier NGIR kan nytta seg av.*

Administrasjonen si vurdering: Tekst i kursiv er svar på merknaden frå forslagstillar. Ein del av punkta i merknaden omhandlar privatrettslege forhold/ avklaringar mellom grunneigarar og NGIR og er ikkje vurdert som handsaminga av planen. Pkt 1. Reguleringsformål skal avklara framtidig bruk av arealet og vert ikkje bestemt utifrå eigartilhøve. Pkt. 5 Administrasjonen er einig i at terrenginngrep i samband med reinseanlegget og dimensjonen på reinseanlegget er ei utfordring. Samstundes ligg reiseanlegget innst i ei lang og smal vik og vil verte lite synleg frå omgjevnadane. Det er lagt inn i føresegnene at det skal gjerast avbøtande tiltak i samband med terrenginngrepa. Pkt.7 Avgrensing av planområdet er gjort i oppstartsmøte med kommunen og er vurdert som den mest hensiktsmessige avgrensinga av planområdet.

## Råd og utval

Saka har vore til uttale i Eldrerådet, Levekårsutvalet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Eldrerådet og Levekårsutvalet hadde ikkje merknader til saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde følgjande vedtak;

RMNF - vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at ein må sikre at det er universelt utforma. Alle skal kunne nytte seg av tenestene Kjevikdalen gjev, uansett funksjonsnivå. Fe.eks. syn, hørsel, bevegelse. orientering og sanser. Dette gjeld også i byggefase.



Administrasjonen si vurdering: Uttalen vert teke til følgje. Universell tilkomst til anlegget ikkje er godt nok sikra i planframlegget, tilkomstvegane er universelt utforma, men moglegheiten til å bruke anlegget må utformast slik at alle skal kunne nytte tilbodet i Kjevikdalen.

Administrasjonen foreslår følgjande endringer i planframlegget:

- Ny føresegn 1.6 «Universell utforming.

Prinsipp for universell utforming skal leggas til grunn for planlegging, prosjektering og gjennomføring av alle nye tiltak. Det skal leggjast særskilt vekt på at publikumsdelen av anlegget skal være tilgjengelig for ulike grupper med funksjonsnedsetjingar. Ved søknad om tiltak skal det dokumenteras korleis universell utforming vert løyst. Det kan gjerast unntak for kravet om universell utforming der terrengforhold eller eksisterande veg/anlegg ikkje gjer det mogeleg med ei hensiktsmessig gjennomføring.»

### **Vurdering og tilråding:**

Det er ikkje kome vesentlege merknader til planframlegget frå offentlege høyringspartar. Merknad frå Statens vegvesen om å etablere dråpeøy i tilkomstvegen er innarbeidd i vedtaket. Det er kome ein merknad på vegne av fleire private grunneigarar med ei rekkje innspel til framlegget. Desse er vurdert både av forslagsstiller og administrasjonen, men vil etter vår vurdering ikkje medføre endringar i planframlegget.

Innspel frå Råd for menneske med nedsett funksjonsvane om å sikre universell tilgjenge til anlegget er tatt til følgje. Administrasjonen har lagt inn forslag om ny føresegn om universell utforming i vedtaket.

Planframlegget legg til rette for bygging av reinseanlegg og betre utnytting av og kapasitet på fyllområdet. Utvidinga av området skjer innanfor dalføre som gjev ei naturleg topografisk skjerming/ avgrensing av tiltaket. Administrasjonen meiner planforslaget slik det no føreligg vil gje ei god løsing for utvikling av avfallsanlegget.

.....